

Møteprotokoll for Plan- og miljøutvalet

Møtedato: 08.06.2016
Møtestad: Rådhuset, kantina
Møtetid: 09:00 - 14:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Ståle Juvik Hauge	AP	Utvallsleiar
Jørgen Herland	SP	Nestleiar
Malin Helene Knudsen	KRF	Medlem
Andreas Dyngen	FRP	Medlem
Gro Anita Høgquist	FRP	Medlem
Karl Vågstøl	H	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Hogne Brunborg	AP	Medlem
Bent Risøy	KRF	Medlem
Sæbjørg Hageberg Kjeka	KRF	Medlem
Ingrid J.Fjeldsbø	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Espen Fosseid Aakre	AP	
Olav Myhr	KRF	
Tom Erstad	H	
Egil Magnar Eidsnes	KRF	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Hogne Haugsdal-assisterande rådmann, Arnold Matre-avdelingsleiar Plan, Siril Sylta-avdelingsleiar Byggjesak, Christian Hagerup Reinshol-arealplanleggjar, Kristin Nielsen-arealplanleggjar, Line Thuen Waage-arealplanleggjar, Trude Langedal-arkitekt, Eli Bjørklid-konsulent, Nora Gjerde-sekretær.

Sakliste

Saknr	Tittel
064/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
065/16	Godkjenning av møteprotokoll
066/16	Delegerte saker
067/16	Referatsaker
068/16	Gbnr 172/2 Spurkeland. Klage over avslag på søknad om løyve til å dele frå tomt til bustad.
069/16	Gbnr 137/288 Alverneset. Handsaming av ny klage over vedtak fatta i sak 006/15 PMU.
070/16	1. gangs handsaming av reguleringsplan for Hosøyvegen småbåthamn
071/16	1.gangs handsaming av reguleringsplan for Fonnebustvegen, gbnr 108/161
072/16	4.gangs handsaming av reguleringsplan for Fv. 404- Kvamme- Fossevatnet med planID 1263-201112
073/16	1. gangs handsaming av reguleringsplan for Dalane, gbnr 108/1, fnr 50 - Lindås
074/16	2. gangs handsaming av reguleringsplan for Bergåsstranda naustområde, plan-ID 1263-201403
075/16	2. gangs handsaming av reguleringsplan for Vesleheimen, plan-id 1263-201303
076/16	Klage på godkjenning av reguleringsplan for Fløsvika, plan-ID 1263-201009
077/16	Mindre endring av reguleringsplan for Helleåsen, plan-ID 1263-19032007
078/16	Ny 2. gangs handsaming av reguleringsplan for Nilshøyen, plan-ID 1263-201101
079/16	Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy

064/16: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent

08.06.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET

Endring i rekkefølge saksliste: Sak 64, 65, 66, 67, 70, 75, 78, 68, 69, 71, 72, 73, 74. 76, 77, 79.

Ellers ingen merknader.

Samrøystes.

PM - 064/16 VEDTAK:

Innkalling og saksliste er godkjent.

065/16: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent

08.06.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET

Møteprotokoll frå møte 25.05.2016 vert samrøystes godkjent.

PM - 065/16 VEDTAK:

Møteprotokoll frå møte 25.05.2016 er godkjent.

066/16: Delegerte saker

Meldinga vert teke til orientering

08.06.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET

Merknad:

Kva er grunnen til at referatsak 244/16 er unnateke offentlegheit? Det vert gjeve svar frå administrasjonen til neste møte.

Ellers ingen merknader.

Samrøystes.

PM - 066/16 VEDTAK:

Meldinga med merknad er teke til orientering.

067/16: Referatsaker

Meldinga vert teke til orientering

08.06.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET

Ingen merknader.

Samrøystes.

PM - 067/16 VEDTAK:

Meldinga er teke til orientering

068/16: Gbnr 172/2 Spurkeland. Klage over avslag på søknad om løyve til å dele frå tomt til bustad.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunen har vurdert dei momenta som er sett fram i klagen. Ein kan ikkje sjå at det er sett fram vesentlege nye argument, som talar for å gjere om vedtaket gjort i sak 006/16. Klagen vert ikkje teke til følge. Vedtaket i sak 006/16 vert oppretthalde.

Vedtaket er heimla i pbl §§ 20-1 og 26-1.

Saka vert sendt til fylkesmannen for endeleg avgjerd.

.....

08.06.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET

Fellesframlegg v/S. Hauge-Ap:

Plan- og miljøutvalet gjev klagar medhald og gjev løyve til å dele frå tomt til bustad - gbnr 172/2.

Med heimel i pbl §20-1 bokstav m), gjev Lindås kommune løyve til å dele frå ein parsell på 500m2 overflatedyrka jord frå gnr.176 bnr.2 slik det er søkt om og synt på kart vedlagt søknaden.

· Med heimel i pbl § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF føremålet i arealdelen til kommuneplanen, slik det er søkt om.

· Med heimel i jordlova §12, jf.§9, vert det gjeve løyve til å dele frå 500m2 overflatedyrka jord for å nytte det til bustadføremål, slik det er søkt om.

Arealet er eit restareal, som ligg mellom bebygd areal.

Argumentasjon går fram av saksutgreiinga.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

PM - 068/16 VEDTAK:

Plan- og miljøutvalet gjev klagar medhald og gjev løyve til å dele frå tomt til bustad - gbnr 172/2.

Med heimel i pbl §20-1 bokstav m), gjev Lindås kommune løyve til å dele frå ein parsell på 500m2 overflatedyrka jord frå gnr.176 bnr.2 slik det er søkt om og synt på kart vedlagt søknaden.

· Med heimel i pbl § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF føremålet i arealdelen til kommuneplanen, slik det er søkt om.

· Med heimel i jordlova §12, jf.§9, vert det gjeve løyve til å dele frå 500m2 overflatedyrka jord for å nytte det til bustadføremål, slik det er søkt om.

Arealet er eit restareal, som ligg mellom bebygd areal.

Argumentasjon går fram av saksutgreiinga.

069/16: Gbnr 137/288 Alverneset. Handsaming av ny klage over vedtak fatta i sak 006/15 PMU.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune har vurdert dei argumenta som er sett fram i klagen datert 22/12 2015. Kommunen finn at klagen ikkje sett fram vesentlege nye argument. Kommunen opprettheld difor vedtaket som vart gjort i sak 006/15, og finn ikkje grunnlag for å dispensere frå kravet om regulering før arealoverføring mellom 137/288 og 137/484 kan finne stad. Søknad om deling for arealoverføring vert avslått. Grunnlaget for vedtaket går fram av saksutgreiinga nedanfor. Vedtaket har heimel i pbl §19-2 og i føresegnene for kommunedelplanen for Alversund og Knarvik pkt.2.3. Saka vert sendt til fylkesmannen for endeleg avgjerd av klagen.

08.06.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - 069/16 VEDTAK:

Lindås kommune har vurdert dei argumenta som er sett fram i klagen datert 22/12 2015. Kommunen finn at klagen ikkje sett fram vesentlege nye argument. Kommunen opprettheld difor vedtaket som vart gjort i sak 006/15, og finn ikkje grunnlag for å dispensere frå kravet om regulering før arealoverføring mellom 137/288 og 137/484 kan finne stad. Søknad om deling for arealoverføring vert avslått. Grunnlaget for vedtaket går fram av saksutgreiinga nedanfor. Vedtaket har heimel i pbl §19-2 og i føresegnene for kommunedelplanen for Alversund og Knarvik pkt.2.3. Saka vert sendt til fylkesmannen for endeleg avgjerd av klagen.

070/16: 1. gangs handsaming av reguleringsplan for Hosøyvegen småbåthamn

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplanen for Hosøyvegen småbåthamn, gbnr. 11/135 ut til offentleg ettersyn på vilkår av at følgjande først

vert endra av planfremjar:

- Høgdeplassing av område SPP og BBS vert auka til minimum kote + 1,8.
- Funna frå vindanalysen/lokalklimavurderinga må verte innarbeidd i illustrasjonsplanen.
- Føresegn § 3.3.4 vert endra frå:

«Det skal vere ein eller fleire trinnfrie tilkomstlar frå SPP til BBS.»

til: *«Rørslehemma skal kunne bevege seg trinnfritt på og mellom SPP, BBS og flytebrygga.»*

.....

08.06.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - 070/16 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplanen for Hosøyvegen småbåthamn, gbnr. 11/135 ut til offentleg ettersyn på vilkår av at følgjande først vert endra av planfremjar:

- Høgdeplassing av område SPP og BBS vert auka til minimum kote + 1,8.
- Funna frå vindanalysen/lokalklimavurderinga må verte innarbeidd i illustrasjonsplanen.
- Føresegn § 3.3.4 vert endra frå:
«Det skal vere ein eller fleire trinnfrie tilkomstlar frå SPP til BBS.» til: *«Rørslehemma skal kunne bevege seg trinnfritt på og mellom SPP, BBS og flytebrygga.»*

071/16: 1.gangs handsaming av reguleringsplan for Fonnebustvegen, gbnr 108/161

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Fonnebustvegen, gbnr 108/161, plan-id 1263-201516, ut på høyring og offentleg ettersyn på

følgjande vilkår:

1. Det skal vere lagt ved snitt av planforslaget før planen leggjast ut på høyring og offentleg ettersyn.
2. Det må verte lagt inn krav i føresegnene om at f_SV og f_SPA skal opparbeidast med fast dekke.
3. Teikningar av fasadar og profilar eller eventuelt 3D-modell skal ligge føre før saka blir sendt på offentleg ettersyn.
4. Tillegg til §2.6.4: VA-rammeplan skal vise tilstrekkeleg handtering av overvatn innanfor planområdet og nedstraums for planområdet.

.....

08.06.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET

Fellesframlegg v/Karl Vågstøl-H:

Plan- og miljøutvalet avviser planforslaget. Plan- og miljøutvalet ber om følgjande endringar i planen:

Det skal vera ein forutsetning at det skal kunna parkerast på eigen tomt og at det skal kunne byggjast garasje/carport.

Antall bueiningar må synleggjerast i føresegnene og plankart.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

PM - 071/16 VEDTAK:

Plan- og miljøutvalet avviser planforslaget. Plan- og miljøutvalet ber om følgjande endringar i planen:

Det skal vera ein forutsetning at det skal kunna parkerast på eigen tomt og at det skal kunne byggjast garasje/carport.

Antall bueiningar må synleggjerast i føresegnene og plankart.

.....

072/16: 4.gangs handsaming av reguleringsplan for Fv. 404- Kvamme- Fossevatnet med planID 1263-201112

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, godkjenner kommunestyret reguleringsplan for

Fv.404 Kvamme –Fossevatnet med PlanID 1263-201112 på følgende vilkår:

- Føresegner datert 25.05.2016 og plankart datert 25.05.2015 vert lagt til grunn

.....

08.06.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET

Rådmannen sitt framlegg med endring:

I medhald av plan-og bygningslova § 12-12, godkjenner kommunestyret reguleringsplan for Fv.404 Kvamme –Fossevatnet med PlanID 1263-201112 på følgende vilkår:

- *Føresegner datert 25.05.2016 og plankart datert 25.05.2016 vert lagt til grunn.*
- Framlegget vart samrøystes vedteke.

PM - 072/16 INNSTILLING:

Innstilling i Plan- og miljøutvalet - 08.06.2016:

I medhald av plan-og bygningslova § 12-12, godkjenner kommunestyret reguleringsplan for Fv.404 Kvamme –Fossevatnet med PlanID 1263-201112 på følgende vilkår:

- Føresegner datert 25.05.2016 og plankart datert 25.05.2016 vert lagt til grunn.

.....

073/16: 1. gangs handsaming av reguleringsplan for Dalane, gbnr 108/1, fnr 50 - Lindås

08.06.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET

Tillegg/ending til rådmannen sitt framlegg v/K. Vågstøl-H:

Det vart røysta over punkta 1, 2, 3, 4, 5, 7, 8 og ending i punkt 4:

Nytt punkt 7: Antall bueiningar skal synleggjerast i føresegner og plankart.

Nytt punkt 8: Føresegn 2.7.2. Ordet skal endrast til bør.

Ending i punkt 4: I rådmannens innstilling til vedtak: Ordet bustad endres til bueining.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over nytt punkt 6 for seg:

Nytt pkt. 6: *Det skal etablerast garasjelegg i planområdet. Det kan også vurderast underjordisk garasjelegg.*

Framlegget vart vedteke mot 1 røyst (A. Dyngen-Frp).

PM - 073/16 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova §12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å leggje reguleringsplan for Dalane, gbnr 108/1 fnr 50 til offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

1. Ein universell tilkomst mellom BKS og f_BUT må sikrast i plandokumenta før planen vert lagt til offentleg ettersyn.
2. Sikring av skjeringar må inn som eit eige punkt 2.8 i føresegna før planen vert lagt til offentleg ettersyn.
3. Det må gjennomførast ei vurdering av trafikktryggleiken i krysset for tilkomstveg til dei nye bustadane og den etablerte gangvegen før planen vert lagt til offentleg ettersyn.
4. Føresegn 4.3.1 må endrast til: «Det skal etablerast to parkeringsplassar per bueining. To parkeringsplassar på f_SPA 1 skal opparbeidast som parkering for rørslehemma.»
5. Det må utarbeidast ny ROS analyse som legg til grunn Lindås kommune sin vedtekne mal før planen vert lagt til offentleg ettersyn.
6. Det skal etablerast garasjelegg i planområdet. Det kan også vurderast underjordisk garasjelegg.
7. Antall bueiningar skal synleggjerast i føresegner og plankart.
8. Føresegn 2.7.2. Ordet skal endrast til bør.

074/16: 2. gangs handsaming av reguleringsplan for Bergåsstranda naustområde, plan-ID 1263-201403

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, godkjenner kommunestyret reguleringsplan for Bergåsstranda naustområde, plan-id 1263-201403, med følgjande tillegg:

1. Føresegner datert 24.05.2016 og plankart datert 24.05.2016 vert lagt til grunn.
 2. Før planen vert kunngjort godkjent, skal plankart ligge føre med gjeldande SOSI-standard for Lindås kommune.
-

08.06.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - 074/16 INNSTILLING:

Innstilling i plan- og miljøutvalet - 08.06.2016:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, godkjenner kommunestyret reguleringsplan for Bergåsstranda naustområde, plan-id 1263-201403, med følgjande tillegg:

1. Føresegner datert 24.05.2016 og plankart datert 24.05.2016 vert lagt til grunn.
2. Før planen vert kunngjort godkjent, skal plankart ligge føre med gjeldande SOSI-standard for Lindås kommune.

075/16: 2. gangs handsaming av reguleringsplan for Vesleheimen, plan-id 1263-201303

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, godkjenner kommunestyret reguleringsplan for Vesleheimen, plan-id 1263-201303, på følgjande vilkår:

1. Plankart datert 26.05.2016 og føresegner datert 26.05.2016 vert lagt til grunn.
2. Før planen vert kunngjort godkjent, skal plankart ligge føre i gjeldande SOSI-standard for Lindås kommune.
3. Byggehøgda for BBB2 vert redusert til maksimalt kote +50. Det skal innarbeidast krav om flatt tak eller pulttak i føresegnene. Takoppbygg og heishus som ikkje overstig 15 % av takflata er tillate. Takoppbygg ska ha ei utforming slik at dei utgjer ein naturleg del av bygget si takform.

08.06.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET

Rådmannen sitt framlegg fekk 4 røyster og fall (A.Dyngen-Frp, A. Høgquist-Frp, K. Vågstøl-H, T. Erstad-H)

Framlegg frå Ap, Krf, Sp:

Plan- og miljøutvalet avviser reguleringsplan for Vesleheimen plan id 1263-201303.

Plan har for høg utnyttingsgrad i område BBB-1-2-3.

Plan/føresegner bør også vise antall bueiningar i planområdet.

Framlegget vart vedteke med 6 røyster (S. Hauge-Ap, E. Aakre-Ap, J. Herland-Sp, E. Eidsnes-Krf, O. Myhr-Krf, M. Knudsen-Krf)

PM - 075/16 INNSTILLING:

Innstilling i Plan- og miljøutvalet 08.06.2016:

Plan- og miljøutvalet avviser reguleringsplan for Vesleheimen plan id 1263-201303.

Plan har for høg utnyttingsgrad i område BBB-1-2-3.

Plan/føresegner bør også vise antall bueiningar i planområdet.

076/16: Klage på godkjenning av reguleringsplan for Fløsvika, plan-ID 1263-201009

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, jf § 1-9, avviser plan- og miljøutvalet klage frå Ing. Taule AS. Saka vert sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

08.06.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET

K.Vågstøl-H sa seg ugild grunna kundeforhold, og deltok difor ikkje i handsaming av denne saka.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - 076/16 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, jf § 1-9, avviser plan- og miljøutvalet klage frå Ing.

Taule AS. Saka vert sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

077/16: Mindre endring av reguleringsplan for Helleåsen, plan-ID 1263-19032007

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-14, godkjenner plan- og miljøutvalet mindre endring av reguleringsplan for Helleåsen, plan-id 1263-19032007. Føresegner datert 24.05.2016 og plankart datert 24.05.2016 vert lagt til grunn.

.....

08.06.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - 077/16 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-14, godkjenner plan- og miljøutvalet mindre endring av reguleringsplan for Helleåsen, plan-id 1263-19032007. Føresegner datert 24.05.2016 og plankart datert 24.05.2016 vert lagt til grunn.

078/16: Ny 2. gangs handsaming av reguleringsplan for Nilshøyen, plan-ID 1263-201101

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret godkjenner reguleringsplan for Nilshøyen bustadfelt i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12 på følgjande vilkår.

1. Kotehøgda på plankartet skal endrast til 21 moh på tomt 11
2. Arealføremåls grensa for BF6 vert endra 2 meter inn på f_VS2.
3. Plankart dagsett 13.04.2012 og føresegner dagsett 04.01.2013 vert lagt til grunn.
4. Før planen vert kunngjort godkjent skal føresegner og plankart vera oppdatert i samsvar med vedtaket. Feilfritt plankart skal liggja føre i gjeldande SOSI-standard for Lindås kommune.

.....

08.06.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - 078/16 INNSTILLING:

Innstilling i Plan- og miljøutvalet - 08.06.2016:

Kommunestyret godkjenner reguleringsplan for Nilshøyen bustadfelt i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12 på følgjande vilkår.

1. Kotehøgda på plankartet skal endrast til 21 moh på tomt 11
 2. Arealføremålsgrensa for BF6 vert endra 2 meter inn på f_VS2.
 3. Plankart dagsett 13.04.2012 og føresegner dagsett 04.01.2013 vert lagt til grunn.
 4. Før planen vert kunngjort godkjent skal føresegner og plankart vera oppdatert i samsvar med vedtaket. Feilfritt plankart skal liggja føre i gjeldande SOSI-standard for Lindås kommune.
-

079/16: Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

06.06.2016 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Arnold Matre orienterte om planen.

Rår for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at det er viktig i planarbeidet å ta omsyn til mennesker med nedsett funksjonsevne spesielt i utbyggingsperioden og at resultatet av utbygginga vert unuversellt god for alle innbygarane. God informasjon om prosessen er viktig. Me ynskjer at det skal

være med ein brukerrepresentant i planarbeidet.

Samrøystes vedteke.

RMNF - 015/16 UTTALE:

Arnold Matre orienterte om planen.

Rår for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at det er viktig i planarbeidet å ta omsyn til mennesker med nedsett funksjonsevne spesielt i utbyggingsperioden og at resultatet av utbygginga vert unuversellt god for alle innbyggjarane. God informasjon om prosessen er viktig. Me ynskjer at det skal være med ein brukerrepresentant i planarbeidet.

07.06.2016 ELDRERÅDET

Arnold Matre orienterte om saka.

Eldrerådet tek saka til orientering.

Samrøystes vedteke.

ER - 013/16 UTTALE:

Arnold Matre orienterte om saka.

Eldrerådet tek saka til orientering.

07.06.2016 LEVEKÅRSUTVALET

Ingen merknader.

Samrøystes.

LE - 044/16 UTTALE:

Uttale i Levekårsutvalet - 07.06.2016:

Ingen merknader.

08.06.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET

Framlegg frå Ståle Hauge-Ap:

Plan- og miljøutvalet er positiv til å utbedre kollektiv utfordringane på Flatøy. Plan- og miljøutvalet meiner at planarbeidet må ta opp i seg fylkesregionale planar om transport-, samferdsel-, kollektiv og regionsenter utvikling i Hordaland.

Samrøystes vedteke.

PM - 079/16 UTTALE:

Uttale i Plan- og miljøutvalet - 08.06.2016:

Plan- og miljøutvalet er positiv til å utbedre kollektiv utfordringane på Flatøy. Plan- og miljøutvalet meiner at planarbeidet må ta opp i seg fylkesregionale planar om transport-, samferdsel-, kollektiv og regionsenter utvikling i Hordaland.
